



Salmekvelden med Lina Håland og Bjarte Lending var ei stor oppleving.

Bjarte Lending og Lina Håland samla ei fullsett kyrkje i Uskedalen i kveld. Meir enn 200 gjester i alderen 9 til 99 år fekk oppleva ein stor salmekveld med mykje lovsong, gospel, tradisjonelle salmar og bøner frå den nye salmeboka. Med god lyd, god pianist, gode solistar og klangfull fellessong med kyrkjelyden, vart det ein kveld mange seint vil gløyma.



Både ned og på galleriet var kyrkja fullsett.

Det var stor variasjon i eit innhaldsrikt program med framføring av nær på 20 songar og to bønner. Mykje av innhaldet kan samlast i den bodskapan som kjem fram i dei bønene: Ingen er framand for deg og Om eg fell, står du. Mange av tekstane tala sterkt til kyrkjelyden i ei tid med krig, uro og mange på flukt.

Det er vel heller sjeldan vi høyrer Dolly Parton teksten Sacred memories i kyrkja i Uskedalen, men med Lina Håland og hennar interesse for countrymusikk og bruk av boots, er det eit sjølvstapt val. Ukjent for mange var at Bennny Anderson frå ABBA i 1999 skreiv melodien til salmen Så kom du da til sist. Ein salmekveld skal alltid ha med kjende og meir ukjende salmar. I kveld fekk vi læra mange nye salmar, noko som gjekk leikande lett når Bjarte Lending står for tonefylgje.

Bjarte Lending frå Sandnes driv koret Abraham. Ein av opningssongane framførte Lina i samsong med Inger-Kathrine Fossdal i Abraham. Atle Fredheim stod for lyd, men ikkje nok med det. Med munnspelet sitt skapte han stemning og vakker toneklang. Teksten Himmel av Sigvart Dagsland, framført i duett, var ei sterk framføring. Det same må ein sei om Lina si tolking av Precious Lord. Med fagnad frå ein ståande kyrkjelyd vart det bore fram takk frå soknerådet i Uskedalen. Seinare i haust vert det temakveld og ny salmekveld, då med meir tradisjonelle salmar.



Kjemien mellom Lina og Bjarte var svært god, og det var kontakten med publikum også.



[Klara Døssland\(t.h.\)](#) som har passert 99 år var ei av dei første som tok plass på kyrkjebenkene.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Jan Ove Fagerheim og Thor Inge Døssland

Nett: Thor Inge Døssland